



READ AGDER

4–5 ÅR I BARNEHAGEN

SLIK LES DU MED BARNET DITT

FØR DE LES


Du hjelper barnet ditt med å forstå teksta om de snakkar om boka før de les ho.

De kan til dømes

- lese tittelen på boka, namnet til forfattaren og illustratøren
- snakke om bilete på framsida av boka
- snakke om kva boka kan handle om
- lese på baksida av boka
- sjå på innhaldslista eller kapitteloversikta
- bla i boka og snakke om bileta
- snakke om kva barnet ditt allereie veit om temaet boka handlar om



Kva trur du boka handlar om?



Kva trur du skjer i neste avsnitt?

MEDAN DE LES

Du hjelper barnet ditt med å forstå teksta om de snakkar om innhaldet medan de les den.

De kan til dømes

- snakke om kva ord eller vendingar betyr
- snakke om kva de ser på bileta
- peike på bilete og tekst
- lese eit avsnitt av gongen og snakke om kva det handlar om
- la overskrifta på neste avsnitt eller bileta hjelpe barnet med å gjette og fortelje kva neste avsnitt handlar om



Det var som den gongen eg...

ETTER AT DE HAR LESE

Du hjelper barnet ditt med å forstå teksta om de snakkar om boka etter at de har lese den.

De kan til dømes

- snakke om kva boka handlar om
- sjå på bilete til boka og snakke om innhaldet ut frå det
- snakke om ting barnet ditt kjenner att frå kvardagen eller andre bøker
- snakke om kva barnet ditt tenker er mest spennande eller overraskande i boka
- snakke om nye ord og bruke orda frå boka i andre samanhengar

Du hjelper òg barnet ditt om de snakkar om korleis ord og bokstavar ser ut og kva slags lydar bokstavane har.